



Holmedal Montessoriskule vart etablert i 2005 og hausten 2019 har vi 42 elevar, fordelt på 2 grupper frå 1. – 7. klassesteg. Vi underviser elevane i aldersblanda grupper og nyttar læreplan for montessoriskulen, som byggjer på pedagogikk utvikla av Maria Montessori. Skulen ligg landleg og idyllisk til i Holmedal ved vakre Dalsfjorden, i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane. Vi har både fjord og fjell rett utanfor døra, og eit godt opparbeidd uteareal som vi stadig utviklar vidare.

Vi kan tilby:

- tariffavtale / lønn etter tariff
- pensjonsordning i Statens Pensjonskasse
- høve til å ta montessoriutdanning og vidareutdanning
- trivelege, flinke og erfarne kollegaer, mange med tilleggsutdanning i montessoripedagogikk
- tett samarbeid med kontaktlærarar og fagarbeidar

Vi har ledig mellombels stilling som montessoripedagog/pedagog og/eller fagarbeidar/assistent frå 1. august 2019 – 31. juli 2020, med høve til forlenging:

Pedagog i gruppe 1 (1.- 3. klassesteg), 70 % - 100 % stilling
Fagarbeidar/assistent: 30 % - 80 % stilling

Det vil også kunne vere aktuelt å kombinere desse stillingane, dersom det er ynskjeleg / føremålstenleg

Vi ynskjer allmennlærer / fagarbeidar som:

- har studert montessoripedagogikk eller har interesse for pedagogikken
- har erfaring frå barneskule og gjerne fagkompetanse og/eller erfaring med begynnaropplæring og spesialpedagogikk.
- har «vi-kjensle», og vil vere med på å vidareutvikle skulen
- er positiv, fleksibel og kreativ
- kan arbeide sjølvstendig og har gode samarbeidsevner
- ynskjer å inspirere elevane til utforsking og læring
- har god relasjonskompetanse

Send søknad med CV til oss pr. e-post eller brev innan 29. mars 2019.

Aktuelle søkjarar vert kalla inn til jobbintervju. Prøvetid 6 månader.
Krav om politiattest ved tilsetjing.

For meir informasjon sjå heimesida vår: www.holmedalmentoriskule.no
Montessoripedagogikk: www.montessorinorge.no

Kontaktperson: Oddveig Lyngstad, rektor, 995 00883

e-post: post@holmsk.no

Holmedal montessoriskule
Dalsfjordvegen 3007
6982 Holmedal

Tlf: 57734253